



Skal borna få tru på julenissen? Kva skal barna få finne ut av sjølv? Kor går grensa for indoktrinering? (Illustrasjonsfoto)

Ein pastor i Texas ville avsløre julenissen.

Framføre eit kjøpesenter fortalde han foreldre og born at han var komen for å fortelje at julenissen ikkje finst. Han var komen for å fortelje sanninga, og at foreldre måtte slutte å lyge for barna sine. Julenissen er ikkje ekte, sa han. Jula handlar om Jesus. Laug foreldra?

Kvart år er foreldre, lærarar, barnehagetilsette og tilsette i ulike kyrkjesamfunn i det same dilemma i førjulstida. Kva skal/kan vi fortelje barna?
Kva skal vi la barna finne ut sjølve?
Kva har vi lov til/ikkje lov til"å seie?
Kor går grensa mellom indoktrinering og nøytral oppseding?

Indoktrinering vert i Wikipedia omtalt dels som opplæring, dels instruering, dels politisk påverknad, dels 'hjernevask'.

T.d. vil religiøse fundamentalistar hevde at deira tru er den einaste sanne, og at sanninga vert motarbeidd av onde krefter, krefter som dei rettruande må kjempe i mot.

Pastoren var ikkje nødvendigvis ein fundamentalist fordi om han reagerte. Han hadde sikkert irritert seg lenge over at julenissen var hovudpersonen for borna i jula, og meinte difor at han måtte seie i frå.

Julenissen finst ikkje, - det finn dei fleste born ut etter nokre år.

Skal vi fortelje dei det før dei finn det ut sjølve?

For mange menneske er det trygt og godt å ha ei tru, - eit fofeste i kvardagen som gjev livet deira meining.

Men er det ikkje skilnad på tru og sanning?

Di tru er sanning for deg. Kan du difor meine at di tru må vere den einaste rette tru og sanning for alle andre og?

Er det ikkje då fare på ferde?

Er du ikkje då på veg inn i fundalismen og kan stå i fare for å verte eit menneske som vil indoktrinere born?

Tekst: Vidar Haugland

Foto: Natalia Ljostveit

Nett: Thor Inge Døssland